



Møteprotokoll

Utval:	Øygarden kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Øygarden rådhus, Ordførarens kontor
Dato:	11.03.2026
Tid:	14:00 - 18:00

Møteplan:

Kl. 1400 – 1600

Kurs om offentlege anskaffingar ved Amy McEwan-Strand

Kl. 1600 – 1800

Saksbehandling

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stian Oen	Leiar	AP
Inge Kausland	Nestleiar	H
Synnøve Tovsrud	Medlem	H
Marit Fjæreide	Medlem	FRP
Egil Morland	Medlem	KRF
Jostein Bø	Medlem	INP
Ann Kristin Kløvrud Eriksen	Medlem	AP

Andre som møtte:

Namn	Rolle
Amy McEwan-Strand	Seniorkonsulent, Deloitte AS
Johhny Breivik	Kommunedirektør
Anne Erdal	Kommunalsjef finans og økonomi
Marius Sylta	Kommunalsjef for oppvekst
Miriam Akkouche	Rådgjevar

Stian Oen
utvalsleiar

Miriam Akkouche
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/26	Godkjenning av møteprotokoll i Øygarden kommune 20.11.2025	2024/46	
	Politiske saker		
PS 1/26	Orientering om situasjonen i barnevernet	2022/178	
PS 2/26	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/178	
PS 3/26	Oversyn over tilsyn frå Arbeidstilsynet og Statsforvaltaren 2025	2025/8	
PS 4/26	Oppfølging - forvaltningsrevisjon av tverrfagleg samarbeid i tenester til barn og unge	2023/351	
PS 5/26	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan trygt og godt skulemiljø	2024/129	
PS 6/26	Årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Øygarden kommune	2024/51	
PS 7/26	Besøk av verksemder	2026/12	
PS 8/26	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval 11.03.26	2023/502	
PS 9/26	Eventuelt	2023/505	
	Referatsaker		
RS 1/26	Referatsaker til møtet 11.03.26	2025/9	

GK 1/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

GK 2/26 Godkjenning av møteprotokoll i Øygarden kommune 20.11.2025

Forslag til vedtak

1. Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 20.11.25 vert godkjent.

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader..

Vedtak:

Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 20.11.25 vert godkjent.

PS 1/26 Orientering om situasjonen i barnevernet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalet vurderte om saka måtte lukkast for offentlegheita. Etter vurdering frå leiar og sekretariatet konkluderte utvalet med at saka kunne handsamast i opent møte.

Leiar Stian Oen orienterte møtet om situasjonen i barnevernet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

PS 2/26 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektør til orientering.

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Kommunedirektør Johnny Breivik orienterte utvalet nyheiter frå kommunen.

Kommunalsjef finans og økonomi Anne Erdal orienterte utvalet om rekneskapet.

Kommunedirektøren orienterte utvalet om den økonomiske situasjonen i kommunen.

- Årsrekneskapen er levert til revisor innan fristen og viser eit godt resultat, med om lag 60 mill. kroner i overskot. Tiltaka som vart sette i verk i fjor har bidrege til å redusere merforbruket, og auka skatteinntekter har òg hatt positiv effekt. Disposisjonsfondet ligg framleis under tilrådd nivå, samstundes som kommunen står framfor fleire større investeringar. Revisjonen er påbyrja, utan at det så langt er forhold som påverkar resultatet.
- Vidare vart det orientert om utfordringar knytte til utskrivingssklare pasientar, med auke i liggedøgn i januar og påfølgjande kostnader for kommunen.
- Kommunen har motteke ei bot på 170 000 kroner knytt til sosial dumping og arbeidslivskriminalitet, som tidlegare er lagt fram som referatsak for kommunestyret. Ei politimelding i saka er henlagt grunna bevisets stilling.
- Kommunedirektøren orienterte òg om arbeid med bustadløysingar (Robustbolig), etablering av digital idebank for innspel frå tilsette, bruk av kunstig intelligens for betre nynorsk, samt deltaking i KS sitt omstillingsprogram.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektør til orientering.

PS 3/26 Oversyn over tilsyn frå Arbeidstilsynet og Statsforvaltaren 2025

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek skriftleg rapport frå kommunedirektøren til orientering.
2. Kontrollutvalet nyttar informasjonen som kjem fram i orienteringa til framtidig sak om bestilling av ny forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek skriftleg rapport frå kommunedirektøren til orientering.
2. Kontrollutvalet nyttar informasjonen som kjem fram i orienteringa til framtidig sak om bestilling av ny forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

PS 4/26 Oppfølging - forvaltningsrevisjon av tverrfagleg samarbeid i tenester til barn og unge

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rapportering frå kommunedirektøren til orientering.
2. Kontrollutvalet vel, med bakgrunn i rapportering frå kommunedirektøren, å avslutte oppfølginga av forvaltningsrevisjonen, då alle tiltaka er iverksette og gjennomførte.

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapportering frå kommunedirektøren til orientering.
2. Kontrollutvalet vel, med bakgrunn i rapportering frå kommunedirektøren, å avslutte oppfølginga av forvaltningsrevisjonen, då alle tiltaka er iverksette og gjennomførte.

PS 5/26 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan trygt og godt skulemiljø

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet kan sjå at alle punkta i handlingsplanen vert følgde opp frå kommunedirektøren si side, og reknar handlingsplanen som ferdig oppfølgt.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektør om å kome i møte i starten av 2027 for å orientere om pågåande prosjekt i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet kan sjå at alle punkta i handlingsplanen vert følgde opp frå kommunedirektøren si side, og reknar handlingsplanen som ferdig oppfølgt.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektør om å kome i møte i starten av 2027 for å orientere om pågåande prosjekt i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL).

PS 6/26 Årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Øygarden kommune

Forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtar årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Øygarden kommune.

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret vedtar årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Øygarden kommune.

PS 7/26 Besøk til verksemdar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vel å besøke ... i løpet av 2026.
2. Sekretariatet organiserer besøket i tråd med vegleiaren frå FKT om besøk av verksemdar.
3. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet utarbeider ei skriftleg oppsummering frå besøket.

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalet ønskjer å gjennomføre eit besøk hos Øyvar AS i løpet av 2026.

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vel å besøke Øyvar AS i løpet av 2026.
2. Sekretariatet organiserer besøket i tråd med vegleiaren frå FKT om besøk av verksemdar.
3. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet utarbeider ei skriftleg oppsummering frå besøket.

PS 8/26 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval 11.03.26

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Leiar **Stian Oen** orienterte utvalet om saker frå kommunestyret, mellom anna kommuneplanen, som har mottatt om lag 1 700 innspel, samt beredskapsplanen for Øygarden.

Inge Kausland orienterte utvalet om saker frå formannskapet.

Egil Morland og **Synnøve Tovsrud** orienterte om saker frå plan- og miljøutvalet. Utvalet hadde mellom anna drøfta eigedomsskatt, og det vart vist til fleire nye planinitiativ. Det vart vidare orientert om tilfluktsrom, i påvente av ny forskrift på området.

Jostein Bø orienterte om saker frå levekårsutvalet.

Ann Kristin Kløvrud Eriksen orienterte om saker frå kommuneplanutvalet.

Marit Fjæreide orienterte om saker frå administrasjonsutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 9/26 Eventuelt

Forslag til vedtak

1. Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Representanten Egil Morland stilte spørsmål ved omleggingane i tilbodet frå Øyvar AS den siste tida.

Kontrollutvalet følgjer opp evalueringa av Øyvar AS, som er planlagt gjennomført hausten 2026.

Når det gjeld status for forvaltningsrevisjon av samfunnstryggleik og beredskap, vart det opplyst at prosjektteamet har vald å innarbeide både beredskapsplan og krisekommunikasjonsplan i revisjonen. Målet er å verifisere dokumentasjonen og avgje uttale innan påske. Det vart samtidig peikt på at tidsramma er noko knapp, og at krisekommunikasjonsplanen enno ikkje er ferdigstilt. I følgje planen skulle Deloitte AS ferdigstille denne innan fredag, men det kan bli aktuelt med utsetjing.

RS 1/26 Referatsaker til møtet 11.03.26

Saksprotokoll 11.03.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådgjevar Miriam Akkouche orienterte om saka.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.